

Jrn. 1087.16

EH/rr

Samferdselsdepartementet

Høyringsuttale – Grunnlagsdokument Nasjonal Transportplan 2018-2029

Samarbeidsrådet for Sunnhordland sin uttale tar utgangspunkt i at det går to nasjonale hovedvegsamband, E 39 Kyststamvegen og E 134 Haukelivegen, gjennom regionen. Disse er dei desidert viktigaste samferdsleprosjekta også for regionen og Samarbeidsrådet vil difor innleiingsvis streka under at prosjekta på E39 og E134 må få prioritet så langt framme i Nasjonal Transportplan (NTP) 2018-2029 som mogleg. I dette ligg også at det må utarbeidast ei analyse (KVU) for traseval for «arm til Bergen», slik Statens vegvesen peika på i aust-vest utgreiinga. Geografisk må dette omfatte både Sunnhordlandsdiagonalen (via Etne/Kvinnherad/Tysnes) og Hordalandsdiagonalen (via Odda/Jondal/Kvam).

I tillegg er sjøen ei sentral og viktig ferdselsåre, men også næringsveg for oppdrett og fiske. Dette utgjør også særskilte viktige element i regionen si utvikling i framtida.

E 39 Kyststamvegen (Korridor 4)

Realisering av ein ferjefri kyststamveg E39 er ei sentral arbeidsoppgåve for Samarbeidsrådet for Sunnhordland. Utviklingsstrategi for ferjefri og utbetra E39 legg opp til at alle prosjekta skal vera ferdigstilte i 2035. Samarbeidsrådet for Sunnhordland vil særleg peika på desse strekningane:

Ådland-Svegatjørn	Arbeidet med statleg plan starta opp i 2014. Det er bestemt at traséen skal gå frå Stord til Tysnes og med bru over Bjørnafjorden til Os. I planarbeidet vert det vurdert ulike kryssingar over Langenuen mellom Stord og Tysnes og over Bjørnafjorden mellom Rekstern og Os. Planprogram vart lagt fram våren 2015, og parallelt med planarbeidet vert det utført straum-, vind- og bølghjemålingar i Bjørnafjorden. Det vert teke sikte på å ha godkjend kommunedelplan i løpet av 2016.
Heiane-Ådland	Kommunedelplan for strekninga vart starta før vedtaket om statleg plan på Bokn – Bergen. Standard og overgangar mot trasé for den statlege planen vert teke vare på i planarbeidet. Stord kommunestyre vedtok planen 28.04.2016. Sidan vegvesenet har motsegn mot det alternativet kommunen vedtok, er planen sendt fylkesmannen for vidaresending til KMD for endeleg vedtak.
Våg-Heiane.	På sikt må det byggjast nytt samband over Bømlafjorden til erstatning for dagens tunnel. Løysinga er ikkje avklara. Det er aktuelt både med ny tunnel og bru basert på ny teknologi.

I Utviklingsstrategi for ferjefri og utbetra E39 er det lagt opp til at bygging av strekninga Våg-Heiane skal skje i perioden 2029-2033, Heiane-Ådland i perioden 2021-2023 og Ådland-Svegatjørn i perioden 2021-2027. Strekninga Ådland-Svegatjørn ligg i grunnlagsdokumentet inne ved middels og høg ramme, strekninga Våg-Heiane er skildra under nye prosjekt, medan strekninga Heiane-Ådland ikkje er nemnt.

Med utgangspunkt i den store samfunnsnyttan som ligg til grunn for utbygging av ferjefri E39 og kor viktig det er for Sunnhordlandsregionen, ber Samarbeidsrådet om at Utviklingsstrategien for ferjefri E39, vert lagt til grunn i den ved vidare handsaminga av NTP. Det tilseier bygging av Ådland-Svegatjørn i 2021-2027, Heiane-Ådland i 2021-2023 og Våg-Heiane i 2029-2033, eller tidlegare i NTP-perioden om mogleg.

E 134 Haukelivegen (Korridor 5)

Samarbeidsrådet for Sunnhordland har ved fleire høve peika på at E134 er den viktigaste aust-vest korridoren for Hordaland og Rogaland. Heilskapstenkinga i aust-vest utgreiinga må visa igjen i prioriteringane i NTP. Samarbeidsrådet for Sunnhordland vil særleg peika på desse strekningane:

Røldal-Seljestad	Prosjektet inngår i konseptvalutgreiing (KVU) med ekstern kvalitetssikring (KS1) for E134 Haukelifjell, som vart handsama av regjeringa i 2011. Godkjent kommunedelplan i 2008. Godkjent reguleringsplan i løpet av 2016 eller tidleg i 2017. Prosjektet er i inneverande NTP 2014-2023 prioritert med oppstart i siste seksårsperiode.
Vågsli-Røldal	Prosjektet inngår i konseptvalutgreiing (KVU) med ekstern kvalitetssikring (KS1) for E134 Haukelifjell, som vart handsama av regjeringa i 2011. Godkjent kommunedelplan i 2008. Godkjent reguleringsplan er venta i løpet av 2017. Prosjektet er i inneverande NTP 2014-2023 prioritert med oppstart i siste seksårsperiode.
Bakka-Solheim	Kommunedelplanar gjennom Etne og Vindafjord kommunar er ferdig utarbeidd, for ei strekning på om lag 40 km. Prosjektet har vore omtale som eit pilotprosjekt med samanhengande plan gjennom to kommunar og i to fylke.

Prosjekta Røldal-Seljestad og Vågsli-Røldal ligg inne som nye prosjekt i alternativet med høg ramme i slutten av NTP-perioden. Bakka-Solheim er ikkje nemnt.

Aust-vest utgreiinga viser at samfunnsnyttan for E134 Haukelivegen som aust-vest samband, med «arm til Bergen», er særst positiv. Dette må vektleggast, slik at gjennomføring av alle desse tre strekningane vert prioritert opp og sikra så tidleg oppstart som mogleg. Røldal-Seljestad bør vera første byggetrinn og Bakka-Solheim omtalast som nytt prosjekt med planlegging og oppstart i perioden.

Samarbeidsrådet ber om at NTP legg inn analyse (KVU) for traséval for «arm til Bergen», slik Statens vegvesen peika på i aust-vest utgreiinga. Geografisk må dette omfatte både Sunnhordlandsdiagonalen (via Etne/Kvinnherad/Tysnes) og Hordalandsdiagonalen (via Odda/Jondal/Kvam).

Fiskerihamn i Hovlandshagen, Bømlo

Prosjekt er omtala i NTP og omfattar bygging av molo, djupare hamnebasseng og merking av leia. Tiltaka vil gje tilgang til større næringsareal og moglegheiter for samlokalisering av fiskeflåten og annan næring. Ligg inne i høg ramme med 166 mill. kr, med oppstart i siste seksårsperiode.

Bømlo kommune er ein av dei største fiskerikommunane i regionen. Det er eit ungt og optimistisk fiskerimiljø i kommunen. Tal på fartøy og medlemmer i Fiskarlaget er aukande dei siste åra. Næringa er veksande og har utfordra kommunen med ynskje om etablering av ei tidsmessig fiskerihamn i kommunen for havfiskeflåten og for kystfiskarar på Bømlo. Ei slik etablering vert og viktig for leverandørar av varer og tenester til hamna, og vil gje nye arbeidsplassar i tilknytning til hamna. Samarbeidsrådet i Sunnhordland ber om at fiskerihamna får status som Nasjonal Fiskerihamn og at prosjektet vert sikra tidlegare oppstart, også ved lågare ramme.

Fiskerihamn Austevoll

Fiskerihamna i Austevoll er ikkje ferdigstilt. Det står att eit rekkefølgekrav med ny veg til hamna, for å ta denne i bruk. Dette utgjer investeringar anslått til vel 20 mill. kr. I tillegg kjem investeringar i andre infrastrukturtiltak, som straum, vatn og avløp.

Samarbeidsrådet ber om at fiskerihamna på Austevoll vert ferdigstilt. Det bør det finnast rom til tidleg i NTP-perioden.

Økonomisk ramme

Samarbeidsrådet for Sunnhordland ber om at høg ramme vert lagt til grunn for det vidare arbeidet med NTP. Mange viktige og samfunnsnyttige samferdselsprosjekt treng realiserast.

Med vennleg helsing

Sunnhordland, 27. juni 2016

Peder Sjo Slettebø
styreleiar

Gro Jensen Gjerde
dagleg leiar

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.